



Arkivnr: 2019/646-9

Saksbehandlar: Bente Utne

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		05.09.2019
Fylkesutvalet		19.09.2019

## Omklassifisering av vegstrekningar på Fv 225, 226 og 227 i Øygarden kommune til kommunal veg

### Samandrag

Øygarden kommune ønskjer å få omklassifisert følgjande vegstrekningar frå fylkesveg til kommunal veg:

- Fv 225 Vikabrekke/Toftedalen/Skulebrekka/Torsvikvegen
- Fv 226 Nygardsvegen/Svartevikvegen/Vestsundvegen
- Fv 227 Dalevegen/Kyrkjevegen/Garnesvegen/Knarrevikvegen

Det er kommunen som har initiert denne omklassifiseringa. Fylkesutvalet var i sak PS 34/2019 positiv til framlegging av sak med sikte på overføring av eigarskapet av desse vegstrekningane. Statens vegvesen sin uttale er positiv til omklassifisering.

Ut frå dette vil fylkesrådmannen rå til at fylkesutvalet godkjenner omklassifiseringa.

**Økonomi:** Det er estimert omlag 1,7 mill kr i 2019 til påkravde utbetringar av strekningane. For følgjande år vert rammetilskotet redusert då antal kilometer fylkesveg er eit kriterium i rammetilskotet. Drifts- og vedlikehaldskostnader vert også redusert for desse strekningane.

**Klima:** Ingen innverknad

**Folkehelse:** Ingen innverknad

**Regional planstrategi:** Ingen innverknad

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek at følgjande fylkesvegstrekningar i Øygarden kommune vert omklassifisert til kommunal veg:

#### **Fv 225 Vikabrekke/Toftedalen/Skulebrekka/Torsvikvegen**

Fv 225 hp 1 m 0 – 2464 – totalt 2464 meter.

Fv 225 hp 50 m 0 – 730 – totalt 730 meter.

Fv 225 hp 51 m 0 – 79 – totalt 79 meter.

Samla lengde for omklassifisering av Fv 225 er **3274 meter**

#### **Fv 226 – Nygardsvegen/Svartevikvegen/Vestsundvegen**

Fv 226 hp1 m 0 – 1034 – totalt 1034 meter.

Samla lengde for omklassifisering av Fv 226 er **1034 meter**.

**Fv 227 – Dalevegen/Kyrkjevegen/Garnesvegen/Knarrevikvegen**

Fv 227 hp1 m 0 – 1360 – totalt 1360 meter.

Samla lengde for omklassifisering av Fv 227 er **1360 meter**.

Total lengde for vegane omklassifisert frå fylkesveg til kommunal veg er **5668 meter**.

2. Før overlevering til kommunen skal vegen utbetrast etter veglova §7, 4. ledd og i samsvar med notat etter befaringsa. Estimert kostnad for dette utgjør kr 1.700.000 inklusive meirverdiavgift. Løyving vert å finna innafør fylkesvegbudsjettet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg 1:**

Brev av 06.07.2018 frå Øygarden kommune til Statens vegvesen om omklassifisering av tre vegstrekningar i Øygarden kommune frå fylkesveg til kommunal veg

**Vedlegg 2:**

Statens vegvesen sitt brev av 22.03.2019 - Omklassifisering av fylkesvegar i Øygarden kommune, inklusive politisk vedtak i Øygarden kommune, og Oppsummering etter befaringsa den 17.12.18 ved Statens vegvesen

Fylkesrådmannen, 09.07.2019

## Om omklassifisering

Etter [Veglova](#) §7, 2. ledd, er det fylkeskommunen som, etter uttale frå kommunen, gjer vedtak om omklassifisering til kommunal veg.

Fylkeskommunen må som vegeigar påkosta utbetring av vegen etter tekniske krav og retningsliner i NA-rundskriv 97/13 «*Retningslinjer for tekniske krav til veg som skal omklassifiserast – ikrafttredelse av vegloven §7*», før overføring til ny eigar.

## Bakgrunn for saka

Øygarden kommune søkte i brev av 06.07.2018 om omklassifisering av tre vegstrekingar i Øygarden kommune frå fylkesveg til kommunal veg (vedlegg 1).

Fylkesrådmannen viser til PS 34/2019 der fylkesutvalet gjorde følgjande vedtak:

### Vedtak

*Fylkesutvalet er positiv til at det vert fremma sak om omklassifisering, med sikte på overføring av eigarskapet av følgjande fylkesvegstrekingar til Øygarden kommune:*

1. Fv225, frå Torsvik til Vik kai, inkludert vegarm til Toftevågen (3,3 km)
2. Fv226, frå kryss ved Rong senter til Vestesjøen (1,03 km)
3. Fv227, frå kryss ved Dale til Knarvik (1,35 km)

Bakgrunnen for denne saka var at Statens vegvesen ønskte ei vurdering frå fylkeskommunen om det var ønskjeleg å gå vidare med ei omklassifiserings sak for desse vegstrekingane. Fylkesrådmannen meinte at saka var prinsipiell, og la derfor denne avklaringa fram for fylkesutvalet som vegstyresmakt.

Det spesielle i denne saka er at det er kommunen sjølv som ønskjer omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg. Jamfør vedtak i Øygarden formannskap den 09.05.2018:

### Vedtak i Formannskapet (FS) - 035/18:

*Formannskapet har som mål å overta fylkesvegane 225, 226 og 227 frå 1.1.2019.*

*Rådmannen får i oppdrag å starte arbeidet med mål om å komme fram til ein avtale med Hordaland fylkeskommune /Statens vegvesen.*

Vedtaket var samrøystes, men vart gjort mot rådmannen si innstilling. Rådmannen meinte «...at fordelane ved overtaking er mykje mindre enn dei auka utgifter til drift og vedlikehald ein vil påføra nye Øygarden kommune».

## Framlegget frå Statens vegvesen

Statens vegvesen sende den 22.03.19 brev til Hordaland fylkeskommune om saka (vedlegg 2) « Framlegg til vedtak – Omklassifisering av vegar – Øygarden kommune». Omklassifiseringa gjeld desse vegstrekingane (sjå kart under):

### Fv.225 Vikabrekke/Toftedalen/Skulebrekka/Torsvikvegen

Fv.225 hp 1 m 0 – 2464 – totalt 2464 meter.

Fv.225 hp 50 m 0 – 730 – totalt 730 meter.

Fv.225 hp 51 m 0 – 79 – totalt 79 meter.

Samla lengde for omklassifisering av Fv 225 er **3274 meter**



Statens vegvesen skriv vidare:

«Som det går fram av veglova er det Hordaland fylkeskommune som fatter endelig vedtak om omklassifisering av fylkesveg til kommunal veg og nedlegging av offentlig veg. Det ble sendt høringsbrev til Øygarden kommune 24.01.2019.

Statens vegvesen mottok følgende uttale fra Øygarden kommune 21.02.2019:

*Slik kommunen vurderer det er dei oppfølgingspunkta som er skissert i høringsbrevet samsvarande med dei oppfølgingspunkta partane vart samde om etter synfaringa 17.12. Kommunen har elles ikkje merknader til innhald i høringsbrev.»*

### **Statens vegvesen sitt framlegg lyder slik:**

*Statens vegvesen vil med bakgrunn i det som er skrevet ovenfor og i tilhørende vedlegg tilråde at følgende fylkesveger omklassifiseres til kommunal veg:*

*Fv.225 Vikabrekke/Toftedalen/Skulebrekka/Torsvikvegen*

*Fv.225 hp 1 m 0 – 2464 – totalt 2464 meter.*

*Fv.225 hp 50 m 0 – 730 – totalt 730 meter.*

*Fv.225 hp 51 m 0 – 79 – totalt 79 meter.*

*Samlet lengde av fv.225 er: 3274 meter.*

*Fv.226 – Nygardsvegen/Svartevikvegen/Vestsundvegen*

*Fv.226 hp1 m 0 – 1034 – totalt 1034 meter.*

*Samlet lengde av fv.226 er: 1034 meter.*

*Fv.227 – Dalevegen/Kyrkjevegen/Garnesvegen/Knarrevikvegen*

*Fv.227 hp1 m 0 – 1360 – totalt 1360 meter.*

*Samlet lengde av fv.227 er: 1360 meter.*

*Samlet lengde for alle veger som er foreslått omklassifisert fra fylkesveg (FV) til kommunal veg (KV) er: 5668 meter.*

*Før endelig vedtak om omklassifisering trer i kraft, og vegene blir overlevert til ny eier/forvalter, skal vegene settes i den stand som følger av veglova §7 fjerde ledd og i samsvar med notat etter befaringene. Vedtaket er gjeldende fra vedtaksdato under forutsetning av at de tekniske kravene i NA-rundskrivet 97/13 er oppfylt for vegstrekningene.*

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Rammetilskotet til fylkeskommunane er delvis rekna ut frå antal kilometer fylkesveg. Kommunane har ikkje ei tilsvarande ordning for kommunale vegar. For fylkeskommunen medfører omklassifisering frå fylkesveg eit årleg inntektstap, men også lågare drift- og vedlikehaldskostnader. Fylkeskommunen vil få ei eingongs-utgift med nødvendig oppgradering.

Kommunane får ikkje kompensert for sin auke i kostnader for drift- og vedlikehald. Men ettersom vegen som regel må utbetrast før overføring får kommunane i slike tilfelle, ofte ein betre veg enn om han framleis hadde vore fylkesveg.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet gjer vedtak i tråd med forslaget til vedtak frå Statens vegvesen, ønsket frå Øygarden kommune og vedtaket i fylkesutvalet (PS 34/2019) med sikte på overføring av eigarskapet til kommunal veg. Utgiftene til oppgradering må finnast innafor investeringar på fylkesvegar.